



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar  
Terje Øvrebø

## Alver gnr. 99 bnr. 4 - konsesjonsvilkår

Vi viser til telefonsamtale med Kjartan Nyhammer 04.09.2020.

Av matrikkelen går det fram at Judith Eikevik fekk tinglyst heimel til gnr. 99 bnr. 4 i Alver kommune i januar 2017. Etter det vi forstår overtok ho eigedomen frå ektemannen, Alf Eikevik, og det vart lagt til grunn at overtakinga var konsesjonsfri i medhald av konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1, der det mellom anna heiter at «(k)onsesjon er ikke nødvendig når erververen er eierens ektefelle».

Av den same paragrafen går det likevel fram at slik konsesjonsfri overtaking føreset at overdragaren «har sitt konsesjonsforhold i orden». Etter det vi har fått opplyst overtok Alf Eikevik den aktuelle eigedomen i 2013, og det vart sett som vilkår for konsesjon at han mellom anna skulle oppfylle ei 5-årig buplikt. Denne plikta var ikkje oppfylt då Alf Eikevik overdrog eigedomen til kona si, og det kan difor spørjast om hennar overtaking skulle vore konsesjonsbehandla.

Vi vil oppmode Alver kommune om å sjå nærare på desse forholda, og ber om å bli orientert om kva steg ein eventuelt tek i så måte.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Terje Øvrebø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Judith Eikevik Kollåsen 54 5116 ULSET